



Fløysand VA  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2846 - 15/20122

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
10.11.2015

## Godkjenning - tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg, gbnr 42/85 Eikeland.

**Administrativt vedtak. Saknr: 400/2015**

**Tiltakshavar: Sveinung Håkonsen**  
**Ansvarleg søkjar: Fløysand VA**

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, motteke 30.10.2015, søkt om tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg for eit bustadhus, gbnr 42/85, på Eikeland.

Eigedomen skal knytast til det kommunale avlaupsanlegget via ein felles avlaupsleidning som går frå kommunal kum ved Eikelandsvegen. Det er opplyst at den private stikkleidningen vart etablert samstundes som kommunen bygde hovudleidningar for VA til Eikeland tidlig på 90-tallet. Vedlagt kart syner at leidningen då vart lagt heilt inn på eigedomen gbnr 42/85. Kommunen legg til grunn naudsynte erklæringar låg føre den gong leidningen vart etablert.

Eigedomen er tilkopla kommunalt vassverk og har i dag privat avlaupsløysing med slamavskiljar. Slamavskiljaren skal koplast ut ved tilknytning til kommunalt anlegg.

### Vurdering:

Tilknytning til kommunalt avlaupsanlegg skal skje i kum, direkte eller gjennom privat stikkleidning, og elles på vanlege kommunale vilkår.

Slamavskiljarar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at dei vert fjerna eller ved at dei vert tømde og fylt igjen med steinmassar. Eigar må sjølv syta for naudsynt tømning og sikring av slamavskiljaren. Tilknytning til kommunal slamtømmeordning går ut.

Administrasjonen har elles ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale avlaupsanlegget.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### Ansvarsrett:

Det er søkt om følgjande ansvarsrett:

|                     |                             |
|---------------------|-----------------------------|
| <b>Føretak:</b>     |                             |
| Fløysand VA AS      | SØK, heile tiltaket (tkl 1) |
| Org.nr. 987 774 525 | PRO, heile tiltaket (tkl 1) |
| Sentral godkjenning | UTF, heile tiltaket (tkl 1) |

### **Vedtak**

«Meland kommune godkjenner at bustadhus på gbnr 42/85 vert tilknytta kommunalt avlaupsanlegg i samsvar med søknad motteke 30.10.2015 og på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige målar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2015 er tilknytingsgebyret for kloakk kr 10 000,- pluss mva.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova.»

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

**Vedlegg:**

Avlaup 42-85

**Kopi til:**

Sveinung Håkonsen

Eikelandsvegen  
138

5917

ROSSLAND

**Mottakere:**

Fløysand VA

Fløksand

5918

FREKHAUG